



Dette er Ormoz som delegasjonen kjem frå

**I morgon kjem det eit sjeldant besøk til Uskedalen
- ein delegasjon på 10 frå ein kommune i Slovenia,
eit land som for oss nordmenn
truleg er mest kjend for Planicabakken!**

Delegasjonen

**består av kommunefolk frå ein kommune heilt aust i det vesle
landet og besøket er eit comeniusprosjekt. Comenius er eit
program for samarbeid innan grunn- og vidaregåande
opplæring på tvers av landegrensar i EU og det vert
gjeve stønad både til personar og institusjonar.**



Slovenia er berre litt større enn Hordaland

Slovenia er vel 20 000 kvadratkilometer og er altså berre litt større enn Hordaland som er 15 000. Landet har 2 millionar innbyggjarar og hovudstad er Ljubljana. Halve landet er dekkja av skog og Slovenia strekkjer seg frå Alpane til Adriatarhavet der det har ei lita kyststripe på 47 kilometer. Det høgste fjellet er 2 864 meter.

Landet vart sjølvstendig i 1991 da det braut ut av Jugoslavia etter ein kort krig. Slovenia slapp dermed lettare frå splittinga av Titos føderasjon enn dei andre og utvikla eit stabilt demokrati prega av marknadsøkonomi. I 2004 vart landet som det første eksjugoslaviske landet medlem av både EU og NATO og kom inn i Eurosona 3 år etterpå.

Slovenia består av 193 kommunar og 11 av dei er bykommunar. I Uskedalen skal dei imorgon først bli motteke i Rådhuset av ordførar og rådmann og så besøkja Haugland gamle skule der kultursjef Kristian Bringedal vil ta imot dei. Så kjem dei til tisdagskafeen Cafe Tlaren i Gamleskulen og om kvelden har dei fått tilbod om å koma til Helgheim der musikarane Jon Faulstad og Per Sæmund Bjørkum frå Gudbrandsdalen held konsert.

Delegasjonen som landar i Bergen i dag kjem frå Ormoz som ligg heilt nordaust i landet ved elva Drava som er grenseelv mot Kroatia. Kommunen har 17 000 innbyggjarar og dei som kjem til Kvinnherad har ymse yrke-dei er bibliotekarar, lærarar og sjukepleiarar-og rådmannen er leiar av delegasjonen.

Tema for besøket er lesekunnskapar hos barn,
på tvers av generasjonar og mellom personar
med forskjellig sosial bakgrunn

Av Ola Matti Mathisen